



# OSTERØY INDUSTRILAG

v / Industrikonulenten på Osterøy  
5282 Lonevåg

Telefon 56 19 22 70

Telefaks 56 19 21 01

e-post: [lars.mjøs@osteroyindustrilag.no](mailto:lars.mjøs@osteroyindustrilag.no)  
[www.osteroyindustrilag.no](http://www.osteroyindustrilag.no)

## REFERAT FRÅ ÅRSMØTET

tysdag 20. april 2010 kl 18.00

i møterommet i anleggsriggen på Hauge for veganlegget Hauge - Lonevåg  
(parkering ved ungdomshuset)

Synfaring på veganlegget/ tunnelen frå Haugesida ved prosjektleiar i Statens vegvesen, **Tor Arne Thorsen**

*Byggjeleiar Arne Strand informerte også.*

Oppdatert informasjon om prosjektet finst på

<http://www.vegvesen.no/Vegprosjekter/fv567haugelonevåg>

Møte med entreprenøren **Istak** ved Hafsteinn Hafsteinsson

Her finn de Istak si heimeside

<http://www.istak.is/en/user/home>

Orientering om **CNC and Robotics Partnerships, CaRPs**, ved Lars Mjøs

Dette er eit samarbeid mellom 11 partnarar i 5 europeiske land med Osterøy Industrilag som koordinator. Partnarskapen er finansiert med reisepengar frå EU/ Leonardo da Vinvi-programmet og med tilskott til koordineringsoppgåva frå Hordaland fylkeskommune.

Her er partnarskapen si heimeside

<http://www.rup.no/vision/vision1.aspx?hierarchyid=1161&type=5>

*Årsmøtedeltakarane var svært godt nøgde med opplegget som Statens vegvesen og entreprenøren Istak hadde laga til. Osterøy Industrilag har arbeidd lenge for å få bygt ny fylkesveg mellom Hauge og Lonevåg og næringslivet har ytt 8 mill kr til prosjektet. Då var det ei stor oppleving å få komme 500 m inn i fjellet frå Haugesida.*

### \* Kake og kaffi

### \* Årsmøtet:

1 Godkjenning av innkallinga. Val av møteleiar. Val av skrivar. Val av 2 medlemmer til å underteikne møteprotokollen.

**Vedtak:** Innkallinga godkjend. Møteleiar; formannen. Skrivar; sekretæren. Underteikning; Vigdis Hellevang og Inge Rune Fanebust.

2 Årsmelding og rekneskap Sjø årsmelding og revidert rekneskap i vedlegg.

**Vedtak:** Godkjende.

3 Fastsetjing av medlemspengane. Fastsetjing av godtgjersle for styre og sekretær.

Styret har ikkje gjort framlegg om justering i satsane med unnatak for revisor.

1 tilsett	700 kr/år
2-4 tilsette	1.000 kr/år
5-9 tilsette	1.400 kr/år
10-14 tilsette	1.700 kr/år
15-30 tilsette	2.500 kr/år
31 og fleire tilsette	3.500 kr/år

Tillegg for personlege medlemmer utover leiaren: 350 kr/år  
 Årleg godtgjersle til formannen; kr 5.000.  
 Det vert ikkje betalt godtgjersle til andre i styret.  
 Godtgjersle til revisor: kr 1.000.  
 Årleg godtgjersle for sekretærarbeidet; kr 40.000.

**Vedtak:** Godkjend.

**4 Budsjett.** Sjå vedlagde oppstilling saman med rekneskapstala.

**Vedtak:** Godkjend.

**5 Eventuelle innkomne saker.** *Ingen saker.*

**6 Val.**

*Valet vart leia av leiar i valnemnda; Jørn Jacobsen.*

**Styret:**

Leiar Lars Magne Bysheim, på val (*attval*)  
 Eimund Øvsthus, på val (*attval*)  
 Tor Georg Hella, på val (*attval*)  
 Kjell Lerøy, ikkje på val  
 Vigdis Hellevang, ikkje på val

**Varamedlemmer:**

Ivar Solberg, på val (*attval*)  
 Johan Solberg, på val (*attval*)  
 Trude Jacobsen, på val. *Ønskte avløyning, ny; Rolf Hagebø*

**Turnemnd:** Johan Solberg og Rolf Hagebø, begge på val (*attval*)

Val av ein medlem med varamedlem til **styringsutvalet for Industrikonsulentent:**

Willy Helgesen (*attval*) med Jorunn Jacobsen (*ny; Sigbjørn Reigstad*) som personleg vara, på val  
 Svein Skulstad med Jostein Jacobsen som personleg varamedlem, ikkje på val  
 Ordføraren i Osterøy

Val av **revisor.** Norodd Helle, på val (*attval*)

**Val av valnemnd, alle på val:** På sist årsmøte vart Jørn Jacobsen attvald som leiar, med. Monica Solberg og Arne Hansen som nye. *Trude Jacobsen ny leiar, attval av Monica Solberg og Arne Hansen.*

**7 Årsmelding for Industrikonsulentent** (meldingssak). Kort orientering i møtet. Sjå vedlegg. *Ingen merknader.*

Etter årsmøtet kan andre meldingar og andre saker takast opp.  
*Formannen orienterte kort om nokre saker.*

*Osterøy den*

*Vigdis Hellevang*

*Inge Rune Fanebust*